

## **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 09.04.2014**

Kåre Ystanes la fram slikt forslag til uttale:

«Fylkeseldrerådet (FYEL) er samd i mesteparten både når det gjeld struktur, tema og føringar som er lagt til grunn i strategien. FYEL er mest opptekne av korleis denne strategien vil virke for den eldre delen av folket i Hordaland, naturleg nok.

Etter FYEL si meining er det sers viktig å auke kollektivtrafikken mest mogeleg slik at ein på best mogeleg vis tek omsyn til miljøet. Det er likevel slik at i mange distrikt der det ikkje er mogeleg å nytte kollektivtilbodet fullt ut, må privatbilen nyttast. Sjølv om det ikkje høyrer heime i ei melding om kollektivstrategi, bør fylkeskommunen heile tida ha fokus på, og oppmode om at folk flest bør gå over til el- og hybridbilar når dei skal skifte bil.

FYEL er og opptekne av at alle kollektive transportmidlar etterkvart bør få universell utforming. Det gjeld ikkje berre transportmidlane, men og haldeplassar o.l.

Det er viktig, slik som meldinga seier, at ein har som siktemål at dei ulike transport-midlane korresponderar med kvarandre. FYEL har motteke ein del klager på at det t.d. ikkje alltid er like god korrespondanse mellom buss og ferje. I regn, snø og kulde er det ikkje så lett for eldre menneske å måtte stå ute om der ikkje finst opphaldsrom eller leskur.

Når det gjeld billett- og takstsystem, er den eldste delen av folket ikkje serleg kjende med mobiltelefonar og app'ar. Difor bør det vere slik at ein framleis bør ha billettsal om bord på bussar, ferjer og hurtigbåtar. Det er etter FYEL si meining og naudsynt å ha takstar og ruter i hefte-form. FYEL har og mange gonger uttalt at ein, på hurtig-gåande båtar, bør gå rundt og selje billetter til eldre og funksjonshemma, serleg i dårleg ver. Utsagnet i meldinga om at «grunntilbodet i kollektivtrafikken er den lovpålagde skuleskyssen», er FYEL ikkje samd i. Serleg distrikta i Hordaland treng tidlegruter, seinruter og natruter. I skulefrie periodar bør og rutene gå som vanleg, sjølv om dei er sette opp som «skuleruter».

Når det gjeld bestillingstransport, bør dette utvidast til alle distrikta i Hordaland.»

Anne-Karin Davidsen la fram slikt tilleggsforslag til Kåre Ystanes sitt forslag til uttale som skal stå etter andre avsnitt:

«FYEL meiner og at framkomst for kollektiv- og privat trafikk stadig vert hindra av trailarar med sjåførar som har lita røynsle og som er lite eigna til å bruke på vegane våre.»

### **Røysting:**

Davidsen sitt forslag vart samrøysta vedteke.

Ystanes sitt forslag vart samrøysta vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtok å sende inn ei slik uttale til kollektivstrategien i Hordaland fylkeskommune:

Fylkeseldrerådet (FYEL) er samd i mesteparten både når det gjeld struktur, tema og føringar som er lagt til grunn i strategien. FYEL er mest opptekne av korleis denne strategien vil virke for den eldre delen av folket i Hordaland, naturleg nok.

Etter FYEL si meining er det sers viktig å auke kollektivtrafikken mest mogeleg slik at ein på best mogeleg vis tek omsyn til miljøet. Det er likevel slik at i mange distrikt der det ikkje er mogeleg å nytte

kollektivtilbodet fullt ut, må privatbilen nyttast. Sjølv om det ikkje høyrer heime i ei melding om kollektivstrategi, bør fylkeskommunen heile tida ha fokus på, og oppmode om at folk flest bør gå over til el- og hybridbilar når dei skal skifte bil.

FYEL meiner og at framkomst for kollektiv- og privat trafikk stadig vert hindra av trailarar med sjåførar som har lita røynsle og som er lite eigna til å bruke på vegane våre.

FYEL er og opptekne av at alle kollektive transportmidlar etterkvart bør få universell utforming. Det gjeld ikkje berre transportmidlane, men og haldeplassar o.l.

Det er viktig, slik som meldinga seier, at ein har som siktemål at dei ulike transport-midlane korresponderar med kvarandre. FYEL har motteke ein del klager på at det t.d. ikkje alltid er like god korrespondanse mellom buss og ferje. I regn, snø og kulde er det ikkje så lett for eldre menneske å måtte stå ute om der ikkje finst opphaldsrom eller leskur.

Når det gjeld billett- og takstsystem, er den eldste delen av folket ikkje serleg kjende med mobiltelefonar og app'ar. Difor bør det vere slik at ein framleis bør ha billettsal om bord på bussar, ferjer og hurtigbåtar. Det er etter FYEL si meining og naudsynt å ha takstar og ruter i hefte-form. FYEL har og mange gonger uttalt at ein, på hurtig-gåande båtar, bør gå rundt og selje billetter til eldre og funksjonshemma, serleg i dårleg ver. Utsagnet i meldinga om at «grunntilbodet i kollektivtrafikken er den lovpålagde skuleskyssen», er FYEL ikkje samd i. Serleg distrikta i Hordaland treng tidlegruter, seinruter og natruter. I skulefrie periodar bør og rutene gå som vanleg, sjølv om dei er sette opp som «skuleruter».

Når det gjeld bestillingstransport, bør dette utvidast til alle distrikta i Hordaland.